

Skriveramme for eit resonnement

Kva betyr det å resonnerer?

Ifølgje snl.no betyr «resonnerer» å «tenke, reflektere, trekke fornuftige slutninger eller følge en tankerekke på en logisk måte». Eit resonnement kan ein altså forstå som eit avsnitt der ein reflekterer og følgjer ei tankerekke på ein logisk måte. Resonnementet handlar om eit avgrensa tema eller poeng.

Eksempel:

- Ei meining eller ein påstand (rødt)
- Eksempel på kva dette kan bety, sett eksempelet inn i den aktuelle konteksten/temaet (grønt)
- Argument 1 (oransje)
argument 2 (lilla)
argument 3 (blått).

«Eg meiner det ikkje burde vere lov å skrive eit ord på mange ulike måtar. For eksempel ser vi at ordet «hverken» og «verken» begge er lov å skrive, ut frå den språknormeringa som gjeld i dag. Eg meiner at det like godt kan vere berre ein lovleg form av dette ordet, fordi det har ikkje nokon praktisk fordel at begge former er lovlege. Det er enklare å berre forholde seg til ein lovleg form, og ein slepp å lure på om det er fleire moglege former. Dette meiner eg vil gjere det enklare for elevane å bli gode til å skrive, fordi dei slepp å sjekke kva som er lov eller ikkje lov, etter kvart som den språklege normeringa endrar seg.»

Skriveramme for resonnerande tekst

Overskrift	
Innleiing	
Hovuddel - resonnement 1	
Hovuddel - resonnement 2	
Hovuddel - resonnement 3	
Oppsummering/konklusjon	
Kjelder	